

Årsmelding 2012 OSTERØY IL HANDBALL

Styret har i 2012 bestått av:

Leiar: Lars-Erik Haga Nestleiar: Albert Slettebakken

Kasserar: Laila Borge Skrivar: Thor Eivind Mjelde

Styremedlem: Merethe Engstrøm Styremedlem: Roald Berentsen

Ungdomsmedl: Elin Kleppe Ungdomsmedl: Marina Børtveit

Valnemnd

Handballgruppa har hatt denne valnemnda: Barbro Lillejord og Irene Stokke.

Administrasjon

Styret har i driftsåret 2012 stort sett gjennomført eit til to styremøte kvar månad (med unntak av feriemnd.)

Medlemstal

OiL Handball var dette året på opptur att, og den 31.12.12 var medlemstalet stige med 21 medlemmar til 118 medlemmar.

Deltaking i cupar

I tillegg til seriespel, har dei fleste laga delteke på cupar: Julecup og felles tur til Storhamar der J10, J11, J13, J14 og J 15 var med i Storhamar Cup. I haust var 3 lag med på Førde Cup.

Trenarar

I løpet av 2012 har vi hatt disse trenarane: Marte Gjøstein, Anders Eriksen, Kenneth Flatås, Per Inge Lillejord, Jarle Vik, Herdis Helle, Ina D. Olsen, Thor-Eivind Mjelde, Renate Vedå Mjelde, Sylvia Norløff, Tove Balestrand, Marina Børtveit, Alexander Solberg, Bjørn Bolset, Kjell Gjøstein, Veronika Birkeland, Elin Kleppe, Susann Torgersen, Hanna Slettebakken, Yvonne Drange og Kristinn Jonatansson. Det har vore svært vanskeleg å skaffa trenarar dette året, og det er framleis store utfordringar med å skaffa nye trenarar. Mange av desse yter hjelp når hovudtrenar ikkje har høve å møta.

Dommarar

Me har framleis nokre klubbdommarar. Desse har gjort ein framifrå innsats for klubben.

Serien

Denne sesongen har me 8 lag med i serien. Det er G7, J8, G8, J10, J11, J12, J13 og Damer. Me manglar J14-16.

Osterøyhallen – kampavvikling

Kampavviklinga i hallen går greit. Hausten 2012 har me forsøkt å halda fram med å fordela ansvaret på fleire av foreldra. No har me i alle laga ein Ansvarskontakt, ein Fair Play vert og ein Foreldrekontakt, som alle har gjort ein god jobb med å gjennomføra og skaffa foreldre til arrangementa, og foreldre har vore flinke til å stilla opp. Me kan nemna spesielt HaFo-turneringa som også i år vart avvikla på ein god måte.

Styret vil takka alle som har vore med å utføra små og store oppgåver for handballgruppa i året som har gått.

Med helsing

Lars-Erik Haga

Leiar OIL Handball